

Årsmelding for Samhald II 4H 2018

I år har klubben vår hatt eit utfordrande, men lærerikt år der me har kost oss mykje.

Året starta med juleverkstad i desember der både nye og gamle medlemmar tok turen. På juleverkstaden kunne ein laga julenissar av grantregreinar, fuglekassar, krans og fuglemat m.m. Godt humør og mykje latter gjorde kvelden fin.

Januar vart starta med filmkveld og prosjektval der det nye styret vart presentert.

I byrjinga av februar reiste styret og to representantar på superhelg for å bli betre kjent med vervet sitt. Swingkurs vart arrangert også i år der Ragna Myksvoll var instruktør. Me avslutta februar med eit knallbra diskotek.

Mars starta med stirydding i Breiavika der mange av dei yngste medlemmane engasjerte seg veldig. Stiryddinga vart avslutta med grilling av hotdog. Det neste på programmet var tur over Bergfjordfjellet, dette var ein kjekk dag for heile familien. Det vart også eit medlemsmøte for dei eldste i klubben, der me åt taco og hadde forskjellige konkurransar. Ein veldig kjekk kveld.

I byrjinga av april var det storkurs som stod for tur i Strandebarm. Dette vart ei fin helg. Det vart også eit medlemsmøte for dei minste i Langeneset. Der vart det arrangert ein natursti og «farmen leikar» og dei fekk også noko godt å bite i. Foreldra var velkomne og medlemmane fekk utdelt prosjekthefta sine. Kjekk dag.

I mai starta me som vanleg med sykkeldag, og i år gjekk turen frå Myksvoll til Litleokse og ned mot sjøen. Ein fin gjeng med godt humør var med. Under Open Himmel vart arrangert, då sov me ved Grendahuset på Myksvoll og det vart servert pizza. Stemninga var på topp heile kvelden på tross av dårleg vêr.

I juni starta me med medlemsmøte ved Festevatnet der me blant anna padla i kano, grilla og bada. Med eit strålande vår vart det veldig kjekt.

Nokon av dei yngste i klubben vår var på distriktsleir på Flatøy. Der var det aktivitetar som frisbee-golf, matlaging og friluftsliv. Fin helg. Litt seinare denne månaden var det sumaravslutning i Breiavika som stod for tur, her var både kanopadling og bading hos nokon svært populært. God grillmat vart servert, blant anna hotdog og hamburgar.

I slutten av juli vart det arrangert landsleir på Øksnevad vidaregåande skule i Rogaland. Dette var ei veka der det kom folk frå heile landet. Her fekk me oppleve slaget på Øksnevad, tur til Kongeparken og *surfing*. Me møtte både nye og gamle venar.

I august vart det arrangert sjøsportdag. Dette var ein stor suksess for både store og små. Grilling og kjekke aktivitetar gjorde dagen bra.

September vart starta med tur til Trampolineparken i Åsane, dette var ein stor suksess som me håpar me kan gjere fleire gongar. Deretter var det eit medlemsmøte der det vart avklart kven som ville delta på underhaldinga til haustfesten. Deretter stod mange øvingsmøter for tur.

I oktober vart haustfesten arrangert, her var det mykje kjekk underhaldning og fantastisk god mat. Då ordføraren ikkje kunne kome, var me så heldige som fekk Asle Hetlebakke på besøk som er med i kommunestyret i Lindås kommune.

Julie Furesund Frantzen

Sekretær